

Saksprotokoll i 13.02.2020 - Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Karl Vågstøl sette på vegne av H fram slikt forslag

«Endringsforslag til **pkt. 4** i vedtak frå Karl Vågstøl på vegne av H

.....rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2020 **med særleg vekt på bærekraft og miljø**. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 **med særleg vekt på bærekraft og miljø**,

Sigrid Brattebo Handegard sette fram slikt forslag på vegne av Sp:

Nytt punkt 7:

«Utvalet syner til følgjande formulering i planen:

«Sau Hovudutfordringa for sauehaldet er marknad, pris og lønsemd. Marknadssituasjonen gjer at det no ikkje er rom for å auke produksjonen. Dersom Vestland skal greie å oppretthalde sin del av produksjonen framover, er det viktig at fornyinga av driftsbygningane i sauehaldet held fram og at også sauebøndene får ta i bruk ny teknologi. Sidan det ikkje er rom for produksjonsauke, må dette må skje innanfor det produksjonsomfanget som er i Vestland i dag. Den låge saueprisen er ein drivar for sauebønder til å ta hand om eigen marknad, kvar for seg og i lokale samarbeid. Lokal matforedling og sal vil truleg bli spesielt viktig om ein skal demme opp for avgangspotensialet i vestlandsk sauenæring.»

Utvalet meiner dette er ei for lite ambisiøs tilnærming til sauenæringa. I 2001 hadde Vestland 16,5 % av saueproduksjonen, i 2018 knappe 13%. Dette trass i volumauke i produksjonen nasjonalt sett. Utvalet meiner dette syner at kanaliseringspolitikken ikkje har fungert, og at ein har fått ein produksjonsauke på sau i områder med ringare beiteressursar enn det ein finn i Vestland fylke. Skal ein klare å sikre vår andel av produksjonen av sauekjøt må det framleis gjevast stønad til prosjekt som gjer at Vestland kan ta igjen dei marknadsandelane ein har hatt.»

Mark Taylor (MDG) sette på vegne av MDG fram slikt forslag:

«Tilleggsforslag til pkt 6:

Utvalet ber fylkesrådmannen samarbeide med andre fylke om at prosjekt med mest karbonlagring blir prioritert.»

Avrøysting

Vågstøl sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Mark Taylor sitt forslag fekk 13 røyster mot 2 røyster (FrP) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet

Fylkesrådmannen sitt forslag med endringar vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 blir vedteken slik den ligg ved i vedlegg 1, med justeringar i tråd med punkt 2 i denne saka.
1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre justering etter vedtak. Regional ramme for IBU-midlar blir ført inn i planen, og handlingsplanen vert utforma i tråd med grafisk profil for

Vestland fylkeskommune. Mindre tekstleige justeringar utan innverknad på innhaldet kan gjerast.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 6 700 000 kr. sett av til regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket i 2020. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med handlingsplan for landbruk i Vestland 2020, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tiltaka vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 960 000 kr. sett av til rekruttering og kompetanseheving i landbruket i 2020 med særleg vekt på bærekraft og miljø. Midlane skal lysast ut og tildelast i tråd med føringar vedtekne i handlingsplan for landbruk i Vestland 2020 med særleg vekt på bærekraft og miljø, og forskrifter for ordninga fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Tildelinga vert drøfta med partnerskapen i landbruket, og vedtaka blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 2 400 000 kr. avsett til Kompetansenettverk i Vest Norge i tråd med føringar i handlingsplan for landbruk 2020, handlingsplan for kompetansenettverket for 2020 og føringar frå Landbruks- og matdepartementet. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 120 000 kr. som er sett av til administrative midlar knytt til arbeidet med kompetansenettverket. Tilskotsbrev og handlingsplan for kompetansenettverket blir lagt fram for hovudutvalet til orientering.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele 1 380 000 kr. sett av til prosjektmidlar til Kystskogbruket. Midlane skal tildelast i samråd med andre fylke og i tråd med forskrift for ordninga. Hovudutvalet får lagt fram orienteringar om ordninga, og om skog og treprodukt som næring.